



# LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

Lindås kommune v/ eigedomsavdelinga  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 1. 03. 2017	
Ark. saksnr 16/2989	Løpenr
Sakst.	Tilgangskode

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3620 - 17/572

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.02.2017

## Løyve til etablering av støpt plate og avslag på etablering av båt plass - gbnr 141/11 Kvamme nedre

**Administrativt vedtak. Saknr: 007/17**

**Tiltakshavar:** Lindås kommune ved eigedomsavdelinga  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om dispensasjon og etablering av privat båt plass og utliggar på eksisterande flytebrygge og støppt plate framfor frådelt naustetomt på gbnr 141/71. Tiltaka er plassert på gbnr 141/11. Lindås kommune er heimelshavar. Tiltaka som er omsøkt er del av inngått avtale om makebyte med eigar av gbnr 141/3 som er inngått for å sikra veggrunn og parkeringsareal som føl av godkjend reguleringsplan. Båt plassen skal knytast til frådelt naustetomt på gbnr 141/71 som skal overdragast til eigar av gbnr 141/3.

Det vert søkt om dispensasjon frå punkt 7.2.3 i føresegnene til reguleringsplanen, arealføremålet som er friområde, det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø og frå byggjegransa langs kommunal veg.

Det vert elles vist til søknad mottatt 15.11.2016.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 15.11.2016 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker (med tillegg for høringsperioden) frå denne dato, dvs 07.03.2017.


### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område som er omfatta av reguleringsplan for Kvamsvågen gnr 141 bnr 7 med arealplanID 1263-25082004.




Området der båt plass og utliggar skal etablerast er avsett til område for småbåthamn, SBH2. Betongplattning framfor naustetomt med gbnr 141/71 skal plasserast på areal avsett til friområde, FO1.

Omsøkte etablering av båt plass er i strid med punkt 7.2.3 i reguleringsføresegnene då utsida av den kommunale flytebrygge skal stå til råvelde for gjestar til friluftsområdet. Når det gjeld etableringa av betongplattning framfor naustetomta gbnr 141/71 krev denne at det vert gitt dispensasjon frå punkt 5.1.2 i reguleringsføresegnene . I tillegg krev begge tiltaka at det vert gitt dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet i strandsona, jf pbl §1-8.



Omsøkt tiltak



Utsnitt frå reguleringsplanen

## Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunngjeving:

Lindås kommune ved eige domseininga søkjer med dette om dispensasjon til båt plass på kommunal flytebrygge, og dispensasjon til støyping av plate framfor nytt naust. Tiltaka gjeld gnr. 141 bnr. 11. Naustet ligg på gnr. 141 bnr. 71, men plata vert liggjande på gnr. 141, bnr. 11. Det søkjast dispensasjon frå punkt 7.2.3 i reguleringsføresegnene for friluftsområde – Kvamsvågen, dispensasjon frå reguleringsplanens angjevne friområde, dispensasjon for tiltak innanfor 100-meters beltet og dipensasjon frå mindre avstand til veg enn 15 meter. Samstundes søkjast det for tiltaka i seg sjølv, båt plass og støypt plate. Dersom dispensasjonssøknaden vert avslått, ber vi om at søknaden om tiltaka ikkje vert handsama.


## Bakgrunn for dispensasjonssøknad om båt plass

I forbindelse med avtale om makeskifte mellom Lindås kommune og Asgeir Kvamme, overtek Lindås kommune vegg grunn GVEG 6 og VEG 6, samt parkeringsgrunn til P4, P5 og snuhammar som ligg på gnr 141, bnr. 3. Til gjengjeld får Asgeir Kvamme naustetomt med gnr 141, bnr. 71 med tilhøyrande båt plass. Viser til løyve til deling av grunneigedom, sak 16/675 – 16/8985, samt avtale om makeskifte, sak 16/22407.

Føremålet med makeskiftet er å betre tilkomsten til Kvamsvågen friluftsområde. Pr i dag er tilkomsten dårleg. Auka tilgjenge vil gje auka bruk at friluftsområdet. Tilkomsten skal og vere universelt utforma, med handikap-parkering heilt nede i vågen. Parkeringsmoglegheitene på P4, P5 og P6 vil hindre parkering langs vegkanten på FV 404, og tryggleiken langs vegen vil auke. Jamfør reguleringsplan for Friluftsområde – Kvamsvågen.



I avtalen skal ny grunneigar få tilgang til å etablere båt plass på flytebrygga. Dei andre nausteigarane i naustrekka har båt plassar på innsida av den kommunale flytebryggja, men her er det ikkje ledig plass. Utsida av brygga skal stå til rådevelde for gjestar til friluftsområdet, jamfør punkt. 7.2.3 i reguleringsføresegnene. Jamfør same punkt søker vi dispensasjon, og søker om løyve til å opprette ein privat plass med utliggar på utsida av flytebryggja.



### Grunngeving for dispensasjon for båt plass.

Ein utliggar skal plasserast i inste del av flytebryggja, og skal ikkje forringe annan bruk. Utliggaren vert plassert 8 meter ut på flytebryggja, med ei bredde på 2,8 meter. Lengda på utliggaren vert 6,5 meter. Sjøve flytebryggja er 36 meter lang, og det vert framleis 25 meter gjestebryggje igjen utanfor utliggaren. Små båtar kan framleis leggje til kai på innsida av utliggaren. Gjestebåtar vil kunne leggje til utanfor kvarandre, og kapasiteten er difor stor. Ulempene med at gjestebryggja vert kortare er svært små, sett i høve til fordelane med auka tilgjengelegheit for ålmenta i heile Kvamsvågen friluftsområde.

I reguleringsføresegnene kan SBH2 (området der den kommunale flytebryggja ligg) tilretteleggast for 20 småbåtar innanfor føremålet. Pr. i dag er det 13 plassar for småbåtar her.

### Bakgrunn og grunngeving for dispensasjonssøknad om støypt plate

Vidare søkast det om å støype ei betongplate/slipp framfor nytt naust. Dette tiltaket kan vere i strid med reguleringsplanens formålsgrense FO1 – friområde. Framfor dei andre nausta er det støypt eit område. Når det no kjem eit likt naust i enden av denne rekkja, vert det naturleg at også den støypte plata vert forlenga framfor det siste naustet. I høve til estetikk vert det riktig å videreføre utseende på det nye naustet for å skape heilheit. Hovudargumentet for tilsegn i denne saka er at det vil gje auka tilgjenge for allmennheita i heile området.

Faren er at tiltaket kan oppfattast som ei privatisering av området. Viss plata hadde lagt aleine framfor eitt naust, ville ein betongplate privatisert området. Her kjem plata i forlenging av den felles slippen, noko som gjer at området ikkje føles så privat. Det kan og vere fordelar for allmennheita med ei støypt plate, og den vil kunne nyttast av andre. I periodar med mykje nedbør og våt mark, kan ei støpt plate til dømes vere attraktiv å nytte i staden for marka.



### Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har vore send på uttale til Bergen og omland friluftsråd, Bergen og omland havnevesen, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Fylkesmannen i Hordaland har gitt uttale i skriv datert 06.12.2016. Fylkesmannen skriv:

Fylkesmannen tykkjer det er uheldig å dispensera i frå ein relativt nyleg vedteken plan. Etter vår vurdering, bør tiltaka takast som ein mindre endring av eksisterande plan for å unngå å undergrava reguleringsplanen. Strandsona er av nasjonal interesse og ei utvikling av denne sona, bør skje gjennom plan og ikkje gjennom enkeltdispensasjonar. Vi fryktar for presedens-verkander i liknande tilfelle, dersom kommunen gjev løyve til etablering av ein ny permanent båt plass i eit område som skal stå rådvelde til småbåtgjestar.

**Fylkesmannen rår i frå at det vert gjeve dispensasjon.**

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Bergen og omland havnevesen har gitt uttale i skriv datert 02.12.2016. Dei skriv:

BOH har i brev av 18.10.2016 uttalt at tiltaket ikke er problematisk etter havne- og farvannsloven. Ut i fra mottatt informasjon ser situasjonen ut til å være uendret med tanke på tiltak i sjø og vi har dermed ingen innvendinger.

Vi gjør oppmerksom på at tiltak i sjø kun er vurdert etter havne- og farvannsloven. Hensynet til naboeiendommer er ikke vurdert da dette faller inn under annet regelverk. Dersom tiltaket berører naboeiendom er søker selv ansvarlig for å innhente nødvendig samtykke.

Det vert elles vist til uttalane i sin heilskap.

#### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknader frå Kvamme felles ved Arne M. Kvamme, jf skriv datert 25.10.2016, og eigar av gbnr 141/7 Helge Haugland, jf skriv datert 17.10.2016.

Kvamme felles sin merknad går i hovudsak på forhold knytt til etablert naustetomt på gbnr 141/71 og framtidig oppføring av naust å tomte. Dei føreset at dei omsøkte tiltaka full ut ivaretek dei etablerte eigedommane og tilhøyrande rettar i området. Dei skriv mellom anna:



I dette føreset me at dei løysingar som vert valde fullt ut ivaretek våre etablerte eigedommar og tilhøyrande rettar i same området. Viser her til vedlegg 3 og 4, som skisserer tomta 1,5 meter lenger fram mot kaikant og båtopptrekk enn eksisterande naustrekke. Me føreset såleis at me har

- uforringa tilkomst til naust og kaiareal
- uforringa tilkomst til – og bruk av – båtopptrekket
- løysing for bua ved sørenden av naustrekka – som inneheld fellesinstallasjonar til el-straum og ferskvatn, og er klargjort for å montere el-vinsj til båtopptrekk.
- uendra vegrett til eige fellesareal og til naust

For båtplass som vist ved flytebrygga har me ingen merknader.

Eigar av gbnr 141/7, Helge Haugland, skriv at omsøkte private båtplass på område som er øymerka ålmenn bruk vil avgrensa bruken av området og vera til ulempe for både ålmenta og han som privatperson då tiltaket vil gje redusert tilflott til hans eigedom. Han skriv vidare at etablering av betongplate framfor naustetomta på gbnr 1471/71 vil gje auka privatisering av området og redusera området sin kvalitet som friluftsområde.

Utdrag frå klagen:

**1. Ein ny privat uteliggjar med privat båtplass plassert ved kommunal flytekai.**

Området er øymerka til ålmenn bruk og fortøyning av båtar for alle som nyttar seg av friluftsområdet. Tiltaket vil avgrensa bruken av området og er til ulempe både for ålmenta og for meg som privat eigedomseigar, som har båtplassar tett opp til dette området. Min båtplass kan bli skadelidande med redusert tilflåt. Det er i dag 7 naust i naustrekka. Med kvar sin båtplass ved flytekaien vert det 7 plassar. Ved flytebryggja er det i dag 13 plassar. Det skulle såleis ikkje vera naudsynt med ein båtplass til.

**2. Bygging av ein betongplattform som skal kome framfor eit naust som ikkje er bygd.**

For det første bør ikkje dette nauset byggjast i det heile då det aukar privatisering av området og reduserer området sin kvalitet som friluftsområde. Omsøkte betongplattform på 28 kvm. tar deler av friområdet/grøntområdet reint fysisk slik at dette blir mindre. I tillegg vil bruken av nytt naust og denne betongplattformen

privatisere området ytterlegare. Den nyttbare og lett tilgjengelege delen av friluftsområdet er ikkje særleg stor og vil med dette tiltaket bli redusert ytterligare.

For meg som nabo, vil omsøkte tiltak privatisere området ytterlegare og vil derfor og medføre meir privat aktivitet og større trafikk med båtar, reparasjonar m.m. som vil gå utover trivselen i området.

Haugland kommenterer elles at grunngjevinga for søknaden er av privat karakter og at det hadde vore mykje ryddigare om kommunen sikra gjennomføring av godkjend plan ved å inngå avtalar med grunneigarar eller oreigna areal for tilkomst og parkering.

Det vert vist til merknadane i sin heilskap.

Tiltakshavar har kommentert nabomerknad ved brev datert 15.11.2016 der det står:

Det er komme inn to merknadar til nabovarsel. Merknad frå Arne M. Kvamme er motteke fem dagar for seint, men punkta i merknaden vil bli ivaretekne. Den andre merknaden kjem frå Helge Haugland. Punkta i dette brevet ser vi som vanskeleg å imøtekomme. Plasseringa av båtplassen på utsida av bryggja er forsøkt lagt slik at den ikkje forringer båtplassar tett opp til dette området, og er dermed plassert 8 meter ut på flytebryggja. Som nemnt over meiner vi at ålmenta si bruk av området ikkje vert betydeleg forringa av ny båtplass. Det andre punktet i merknaden er at den støypte plata kan oppfattast som privatiserande. Dette er omtalt over, og vi ser ikkje at denne plata vil ikkje medføre meir privat aktivitet enn eit naust i seg sjølv vil. Merknadene er vedlagt i si heilskap.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.10.2016.

Eigar av gbnr 142/4 har i erklæring datert 10.10.2016 gitt samtykke til at den støypte plata kan plasserast 1 meter frå grenselinja.

Kjøpar av gbnr 141/71 har i erklæring datert 12.10.2016 gitt samtykke til at den støypte plata kan plasserast 0 meter frå grenselinja.

Tiltaket er plassert 7 meter frå offentleg gangveg eigd av eining for eigeidom i Lindås kommune. Eininga har i skriv datert 04.10.2016 erklært at tiltaket kan plasserast slik det er søkt om. Byggjesaksavdelinga vurderer på dette grunnlag at dispensasjon frå veglova ikkje er naudsynt.

### **Veg, vatn og avkjørsle:**

Ikkje relevant for søknaden.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vera oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side og for det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Det vil for omsøkte etablering av båtplass med utliggar og for støypt plate framfor frådelt naustetomt på gbnr 141/71 særskild vera omsynet til friluftsliv og ålmenne interesser som gjer seg gjeldande.



Omsynet bak gjeldande plan og byggjeforbodet i strandsona er i dette tilfelle i stor grad samanfallande. Intensjonen bak utarbeidinga av reguleringsplanen for Kvamsvågen har vore å sikra tilkomst til området og leggja til rette for opparbeiding og drift av det kommunale friområdet. Å sikra tilgjenge til området både frå landsida og sjøsida har vore eit viktig punkt.

Omsøkt etablering av båt plass og utliggar skal etablerast på del av den offentleg flytebyggja som skal stå til rådvelde for båtgjestar til friluftsområdet, jf punkt 7.2.3 i føresegnene til planen. Etablering av ein fast båt plass med utliggar slik det er søkt om, vil leggja beslag på areal som skal vera offentleg tilgjengeleg. Flytebyggja vert med omsøkte tiltak oppdelt og sjølv om arealet innanfor utliggaren er tilgjengeleg for ålmenta vil tilgangen til dette arealet kunne bli redusert. Etablering av ein privat båt plass vil også kunne privatisera området. Administrasjonen vurderer at omsynet bak planføremålet og byggjeforbodet i strandsona i dette tilfelle vert sett vesentleg til side. I tillegg til grunngjevinga over er det lagt vekt på at ein innvilga dispensasjon vil kunne gje presedens og undergrava reguleringsplanen som styringsverktøy. Det er også lagt vekt på fylkesmannen sin uttale i saka.

Då administrasjonen har vurdert at omsynet vert vesentleg sett til side har ein ikkje gått inn å vurdert føremoner og ulemper i denne saka. Administrasjonen vil likevel nemnda at vi er einig i at å få etablert veg til området er særst viktig, men er av den oppfatning at gjennomføring av tiltak som er fastsett gjennom private avtalar må løysast innanfor rammene i vedteken plan eller ved at det vert søkt om endring av planen.

Dispensasjon for etablering av båt plass med utliggar på offentleg flytebrygge vert ikkje gitt.

Når det gjeld omsøkte etablering av støypt plate framfor frådelt naustetomt på gbnr 141/71 skal den plasserast på område som er sett av til friområde. I følge planen kan det her berre etablerast tiltak som er direkte knytt til bade- og fritidsaktivitetar, jf punkt 5.1.1 i føresegnene.

Omsøkte plate ligg på offentleg grunn og arealet vil såleis vera tilgjengeleg for ålmenta uavhengig om det er mark eller støypt plate her. Ein ser likevel at arealet i praksis lett kan bli oppfatta som privat dersom dekket vert endra slik omsøkt.

Administrasjonen vurderer at etablering av støypt plate ikkje vil endra bruken av arealet og såleis ikkje setja omsynet bak arealføremålet eller strandsonevernet vesentleg til side. Det må verta sett krav om at arealet ikkje kan nyttast til plassering av båt eller utstyr og liknande.

Støypt plate framfor naustet vil vera ei føremon i forhold til tilgjenge mellom naust og slippområdet og vil gje eit heilskapleg uttrykk i forhold til korleis nausteområdet elles er utforma.

Dispensasjon for etablering av støypt plate vert gitt slik det er søkt om.

### **Plassering**

Støypt plate framfor naust på gbnr 141/71 vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Nabomerknader**

Administrasjonen vurderer at dei forhold som Kvamme felles har tatt opp i stor grad gjeld godkjend etablert naustetomt, jf vedtak dater 04.04.2016 i arkivsak 16/675, på gbnr 141/71 og framtidig etablering av naust på tomten. Vi kan ikkje sjå at etablering av omsøkte tiltak kjem i konflikt med dei forhold Kvamme felles tek opp.

Når det gjeld merknadane frå eigar av gbnr 141/7 tek opp, er kommunen einig i at etablering av båt plass slik det er søkt om vil vera til ulempe i forhold til tilgjenge for ålmenta, jf kommunen si vurdering av at båt plass og utliggar vil setja omsynet bak planen vesentleg til side på dette punkt. Når det gjeld tilflott til eigen båt plass ser vi at tiltaket kan gje noko redusert tilflott til gbnr 141/7. Administrasjonen viser elles til vurderinga over når det gjeld andre tilhøve klagen tek opp. Vurderinga av dispensasjon og merknader er i stor grad samanfallande når det gjeld grunngeving for vedtaket, forholdet til ålmenne interesser m.m. Haugland sine merknader er delvis tatt til følgje gjennom administrasjonen sitt vedtak om ikkje å gje løyve til omsøkte båt plass med utliggar.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kvamsvågen er del av eit større område kartlagt som svært viktig friluftslivsområde. Kommunen finn ikkje at godkjend tiltak vil kome i konflikt med med naturmangfaldslova.

#### **VEDTAK**

**Med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 12-4 (rettsverknad av reguleringsplan) og pbl § 1-8 (byggjeforbodet i strandsona) for oppføring av støypt plate framfor naustetomt på gbnr 141/71 slik det er søkt om.**

**Det vert ikkje gitt dispensasjon frå reguleringsplanen for etablering av båt plass med utliggar slik det er søkt om. Grunngevinga for vedtaket går fram vurderinga over.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til etablering av støypt plate i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 15.09.2016, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Løyvet omfattar ikkje omsøkt båt plass med utliggar.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.



Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3620

#### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

#### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

#### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Helge Haugland	Kvamsvågen 18	5911	ALVERSUND
Kvamme felles ved Arne M. Kvamme	Kvamsvågen 17	5911	ALVERSUND

#### Mottakarar:

Lindås kommune v/ eigedomsavdelinga	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
--	----------------------	------	----------

